



Bergen, 19. august 2016

Enkel undersøking av elvemusling i Røyrvikelva, Kvam herad

Steinar Kålås
Rådgivende Biologer AS

Bakgrunn

I august 2015 kom det inn melding til Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) at det var sett elvemusling i Røyrvikelva i Kvam Herad. Elvemuslingen (*Margaritifera margaritifera* L.) er kategorisert som sårbar (VU) på den norske raudlista (Henriksen & Hilmo 2015). Det står likevel enno dårlegare til med arten utanfor landets grenser, og elvemuslingen er av mange rekna som den mest truga ferskvassmuslingen i verda. Om lag 30 % av elvemuslingbestandar og over halvparten av alle elvemuslingindivid i Europa ligg innanfor Norge sine grenser. Norge har derfor eit spesielt ansvar for elvemuslingen (Larsen 2005). Det er til no kjent førekomst av elvemusling i 13 vassdrag i Hordaland, og status for nesten alle bestandane er at rekrutteringa er svak eller fråverande og dei står i fare for å verte utrydda (Kålås 2012 og seinare funn). For å få meir kunnskap om den nyoppdaga bestanden vart det derfor gjort ei enkel undersøking av Røyrvikelva.

Undersøkinga

Røyrvikelva vart undersøkt av Steinar Kålås, Rådgivende Biologer, 27. mai 2016.

Det var pent vær og låg vassføring i elva då undersøkinga vart utført. Vasstemperaturen i elva var 17 °C, elva var klår og observasjonstilhøva var gode. Elva er 3 til 8 m brei, generelt grunn, men har djupare hølar. Anslått gjennomsnittsbreidde er 4 m, og hølar var inntil 1 m djupe. Elva er vel 900 m lang frå sjøen og opp til Vetlavatnet som er første innsjøen i vassdraget. Vel 100 m frå sjøen ligg ein foss som er vandringshinder for anadrom laksefisk. I nedre delar av elva varierer botnen mellom stein, grus og sand, i øvre delar mot Vetlavatnet er substratet grovare og elva renn i parti over fast fjell. Opp til fossen er dyrka mark på begge sider. Oppom fossen er det dyrka mark på austsida og skog på vestsida. Det er ei gammal stemme i utløpet av Vetlavatnet, så fisk kan sleppe seg ned frå innsjøen, men ikkje vandre tilbake. Her er fleire stryk og mindre fossar på strekninga frå den nedste fossen og opp til innsjøen.

Undersøkinga omfatta følgande element:

-Inspeksjon av elvebotnen gjennom vasskikkert frå riksvegsbrua og opp til Vetlavatnet. Levande muslingar og tomme muslingskal vart talt.

-I tillegg vart eit lite utval av muslingane lengdemålt med skyvelære til næraste millimeter. Muslingane vart tatt opp, lengdemålt og lagt tilbake på same staden.

-Eit lite utval aure vart samla inn ved hjelp av elektrisk fiskeapparat oppstraums og nedstraums fossen, i delar av elva der det var råd å bruke utstyret.



Observasjonane

Første musling i Røyrvikelva vart funne like oppstrøms nedste fossen (32 V 340025 6683462). Dei fleste muslingane vart observert herifrå og 50 m oppover. Oppstrøms dette området går elva gjennom fleire mindre fossar og stryk, og mellom desse vart det funne enkelte muslingar, den øvste ca. 130 m frå Vetlavatnet (32 V 340363 6683824). Totalt vart **37 muslingar** observert. Elva er relativt grov, og musling kan lett liggje utanfor synsfeltet til ein som observerer gjennom vasskikkert. Dei fleste muslingane i Røyrvikelva lever altså på ei elveflate på 2-300 m², og distansen frå øvste til nedste musling er ca. 600 m.



Figur 1. Kart som viser Røyrvikelva frå sjøen og opp til Vetlavatnet.

11 muslingar vart tekne opp, lengdemålt og lagt tilbake på staden der dei vart funne. Desse var høvesvis: 92, 92, 93, 94, 98, 98, 98, 98, 102, 103 og 104 mm lange. Storleiken var dermed relativt jamn, men ein litt mindre musling, som var litt lysare på farge vart observert blant dei øvste vi observerte.



Det var vanskeleg å få samla inn aure av rett storleik i elva, dels grunna høg temperatur i elva, som gjorde fiskane svært sprelske, men også dels grunna låg tettleik av eittårgammal aure, som er den beste å undersøke om ein vil sjå etter muslinglarvar på gjellene. Ni aure vart samla inn og lagt på formalin for seinare undersøking under lupe i laboratoriet. Berre ein aure hadde ei glochidielarve på gjellene. Innsamlinga av aure vart gjort så tidleg på året at ein enno ikkje skulle vente at larvene hadde falle av, men 2016 hadde ein relativt varm vår. Vasstemperaturen i elva var 17°C då eg samla inn fisken, og ein kan ikkje utelukke at dette er årsaka til den låge infestasjonen av muslinglarver på fisken.


Oppsummering

Det lever elvemusling i Røyrvikelva i Kvam herad i Hordaland. Det vart observert 37 individ ved undersøkinga av elvebotnen 27. mai 2016. Ein del muslingar kan vere skjult i elva, så her er mest sannsynleg fleire, anslagsvis rundt 100. Ein reknar at det må finnast minst 60 musling for at ein bestand skal ha bevart det genetiske mangfaldet, og dette er då truleg oppfylt for Røyrvikelva. Bestanden av musling i elva synest å vere forgubba, sidan alle muslingane eg fann var relativt store. Elvelengde frå nedste til øvste musling er ca. 600 m. Elva er omlag 4 m brei, og tettleiken av musling i området frå nedste til øvste observerte musling er i storleiken rundt 0,4 per m².

Eit utval av muslingar som vart målt var frå 92 til 104 mm lange, ein kortare vart observert, men ikkje målt. Muslingen i vassdraget har høgst sannsynleg aure som vertsort, sidan leveområdet er oppstraums vandringshinder for laks, og sidan det vart funne muslinglarve på ein aure.



Figur 2. Elvemusling i Røyrvikelva.



Figur 3. Plasseringa til muslingar i elva. Eit punkt kan vere fleire muslingar. Utklipp frå skjermBILETE til GPS.



Figur 4. Parti av elva like oppstrauts nedste fossen. Det er i dette området dei fleste musingane vart funne.

Litteratur

Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge

Kålås, S. 2012. Status for bestandar av elvemusling i Hordaland. Rådgivende Biologer AS rapport 1494, 57 s.

Larsen. B. M. 2005. Handlingsplan for elvemusling i Norge. Innspill til den faglige delen av handlingsplanen. NINA Rapport 122, 33 s.